

**Ny overbevisande siger til jentelaget.**

29.07.2008

**Jentelaget til Rosendal/Uskedal cruisar vidare på imponerende vis i Norway Cup. Tirsdag i middagstida vann dei sin tredje kamp på rad. 5-1 vart sluttresultatet i siste kampen i innleiingsspelet. Motstandar var Arnadal/Vear.**

**Laget vårt var alt før denne kampen puljevinnar og klar for A-sluttspølet.**

Uskedalsjentene gjorde, tilliks med resten av laget, ein flott innsats i denne kampen, og laget styrte den heilt og fullt frå første sekund og til sluttsignalet gjekk i dommarfløyta.

Ingeborg H. Lunde scora det viktige første målet. Også ei anna Uskedalsjente kom på scoringslista. Margareth Sæle sette ei skikkeleg kanon heilt i krysset. Ei fantastisk scoring i følgje vår rapportør.

No ventar altså A-sluttspølet dei flinke jentene. Kven dei skal møte i neste kamp, vert klart litt seinare i dag. Etter innleiingsspelet rår det naturleg nok stor optimisme i leiren. Det vert spennande å følgje dei vidare, og vårt tips er at vi framleis har mykje å gle oss til.

Av Thor Inge Døssland